

Interpellasjon ved Geir Madsen (Kvam SV) og Håvard Gjerde (Raudt Kvam) til heradsstyremøte 29.9.2020

Saka gjeld mottak av flyktningar frå Hellas.

Kvam herad kan ta imot einslege mindreårige og familiar med born frå greske flyktningleirar

I budsjettarbeidet for 2020 la Kvam heradsstyre opp til mottak av inn til 14 flyktningar, til no i år har ingen kome. Etter at det meste av Moria-leiren brann ned 9. september står budskapet «Evakuer Moria» enda sterkare enn før. Fleire land i Europa endrar no politikk og opnar for å ta imot flyktningar frå leiren. I staden for å henge att i krav om at enda fleire land i Europa først må ta i mot flyktningane, burde Noreg gå i bresjen å dra andre nasjonar med.

Kvam herad og Norge har kapasitet til å ta imot fleire flyktningar. Vi må no vise kva slags land vi ynskjer å vera og korleis vi som nasjon stiller opp for våre medmenneske. Den internasjonale flyktningssituasjonen er kompleks, og det er viktig finne betre internasjonale løysingar, men den akutte krisa som har oppstått på Le. 50 flyktningar er ikkje nok. Noreg kan minst ta i mot 500 flyktningar, og Kvam er klar til å ta i mot 20 flyktningar i første omgang.

Framlegg til vedtak i Kvam heradsstyre 29.9:

Kvam herad sender melding til IMDi om at heradet har kompetanse og kapasitet til å busette inn til 20 flyktningar frå greske leirar. Vi bed Regjeringa om å svare positivt på førespurnaden frå Hellas om å ta imot mindreårige og andre særleg sårbare frå flyktningleirane.